



GOL IL SKØYTEGRUPPA

www.golil.no - skøyter

ÅRSMELDING 2005



Gol Bakeri & Konditori AS
3550 Gol – Tlf 3202 9650

ÅRSMELDING 2005 for skøytegruppa, Gol IL.

Styret si samansetning:

Leiar: Gisle Eide
Nestleiar: Per Helge Myklebust
Sekretær: Solveig Tuft
Kasserar: Anne Kari Smaaberg
Styremedlem: Reidmar Faleide
Styremedlem: Ola Halvar Jorde
Ungdomsrepr: Ingrid Eide
Varamedlem: Maaike Visser
Eva Dahl Rust

Banemeister: Ola Halvar Jorde
Kioskansvarleg: Kari Kaupang Eide
Kompetanseansvarleg: Gisle Eide
Internettansvarleg: Gisle Eide

Det har vore 10 styremøte og det er handsama 48 saker.

Medlemer i skøytegruppa: (i parentes tal frå 2004)

Totalt medlemstal: 125 (100)
Medl. over 17 år: 40 (40)
Medl. under 17 år: 85 (60)

	Konkuranseløparar	Skøyteskule	Totalt
Menn	11 (11)	43 (24)	54 (35)
Kvinner	<u>3 (6)</u>	<u>31 (23)</u>	<u>34 (29)</u>
Totalt	14 (17)	74 (47)	88 (64)

Trenarar

Trenarar: Ola Halvar Jorde
Gisle Eide
Marit Jorde (1.halvår 2005)
Ola Stølen (2. halvår 2005)

Håvard Myklebust bor i Oslo og trenar saman med Aktiv skøyteklubb.
Hendrik Jan Huitzer er trenar for Aktiv.

Medhjelparar på skøyteskulen: Maaike Visser
Birgitte Jorde
Birgit Engene
Anne Gerd Jorde (1. halvår 2005)
Anne Kari Smaaberg (registrering)



ANLEGG

Skøytegruppa har utarbeid og sendt søknader om garsjeanlegg og ny speakerbu på Glitre i tråd med tidlegare vedtak. Prosjektet er utsett på grunn av at det ikkje vart delt ut tippemidlar til Gol kommune i 2005.

SAMLINGAR FOR LØPARANE

Treningssamling: **Nederland (region Østviken)**

Håvard Myklebust deltok på denne samlinga.

Sumaren 2005: **Sykkeltur**

Håvard Myklebust deltok også på sykkelstur frå Gol til Stavanger saman med Sigbjørn Veslegard frå Hol.

3. –5. juni: **Barmarksamling i Dagali**

7 løparar (+ 2 rekruttar) frå Gol var med. Gisle Eide var med som trenar. Dette var ei kretssamling.

25.juni: **Hallingrittet**

Ein av løparane deltok på Hallingrittet.

Nokre av løparane nytta også i år høvet til å trene på is i Vikingskipet både på sommarisen i august og på ei økt om hausten.

Denne hausten var skøyteisen på Glitre klar 24.november.

TURAR/SOSIALE SAMLINGAR/SPORTSLEG OPPLEGG:

Januar: **Turen til Krystallcupen 2004/05**

dette året vart det ikkje noko av då stemnet vart avlyst.

23. januar **Rescon-løpet**

11. januar kunne vi lese denne meldinga på nettsidene til Skøyteforbundet:

" Resconløpet flyttet

Sand IF flytter Resconløpet søndag 23. januar fra Prestberget til Vikingskipet på grunn av mildværet og manglende sikring rundt banen. Distanser og klasseinndeling er uforandret. Rekruttene starter klokka 10.00, øvrige klasser klokka 12.00. (2005-01-11 19:18)"

Innandørs fekk ikkje vêret nokon innverknad og mellom 250 og 300 unge skøyteløparar stilte til start. I alt 5 løparar frå Gol var med i Resconløpet. Fleire sette fine personlege rekordar - andre var ikkje fullt så nøgde med sin eigen innsats.

12.-13. februar: **Landsmeisterskapen i Skien**

1 jente og 1 gut frå Gol var tekne ut til å delta i Landsmeisterskapen.

Berre dei beste i landet frå kvart alderstrinn er kvalifiserte til denne meisterskapen. Særleg er talet på kvalifiserte lågt i jenteklassene. Det var derfor flott å ha med to deltakarar frå Gol.

26. -27. februar: **"Sandefjorløpet" i Vikingskipet.**

Det var med 7 løparar frå Gol. Som tidlegare år er dette ei fin familiehelg og høgdepunktet for mange av løparane. Det blir sett mange personlege rekordar og foreldra stiller villig opp på sidelinja med heiarop.

15. – 16. okt.

Hamarleikane

Gol stilte med 6 deltakarar i Hamarlekene 2005. For alle desse var dette det første stemnet i ein ny sesong.

Ein blid og innsatsviljug gjeng hadde ei hyggeleg helg på Hamar. Alle sette personlege rekordar på ein eller fleire distansar.

10. desember

Odalsskøyta

Gol stilte med 6 deltakarar i løpet Odalsskøyta 2005. Alle gjorde ein flott innsats og nesten alle sette personlege rekordar.

28. desember

Krystallcupen 2005/2006

7 løparar frå Gol. Gol tok her eitt napp i pokalen for jr.B.

Treningssamarbeid

- Skøytegruppa ved Per- Helge tok initiativ til ei utvida barmarkstrening våren 2005 i samarbeid med alpingruppa og langrennsgruppa. Vi viser til eigen rapport om dette. Tiltaket bør drøftast i gruppene med omsyn til mogleg nytt forsøk.
- Nokre løparar/ foreldre har samarbeidd med trenarane Bjørn Arve Rue/ Svein Arne Nymoen i Hol. Dette galt dels på barmark, dels is på hausten/ førjulsvinteren. Hol la nokre av sine treningar til Gol vesentleg p.g.a. isforholda.
- Ola Stølen har bedratt under trening på barmark (rulleskøyter) og på istreningane i sesongen 2005/06. Andre trenarar/ instruktørar: Gisle Eide, Ola Halvard Jorde og Ester Stølen.

EIGNE ARRANGEMENT

8 klubblop

20 – 30 deltakarar kvar gong

Kretsmeisterskap (KM)

63 deltakarar inkl. kretsløpet

Skøytesportens dag

ca 30 deltakarar

Hallingdalskarusellen (nasjonalt løp)

ca 130 løparar

Bedriftsstafett

10 lag deltok med 3 personar på kvart lag

Hallingdalsmeisterskapet

KM

2. januar:

KM vart arrangert på Glitre stadion, Gol, søndag 2. januar 2005. KM er enkeltdistansemeisterskap. Løpa er kretsmeisterskap for klasse 12 år og oppover. Det vart eit godt gjennomført arrangement med gode isforhold og mange gode tider. Her merka vi oss særskilt Christoffer Fagerli Rukke frå Hol sin 1000 m på 1.17,3 og Odd Bohlin Borgersen frå Geithus si tangering av Ådne Sønndrål sin banerekord på 3000 m med 4.08,8.

Skøytesportens dag:

10. februar:

Fellesstart med deltakarar i alle aldrar er populært. Nokon gjekk 5000 meter medan andre følgde på så best dei kunne. Vi let oss særleg imponere av kor langt mange av dei minste klarte å gå. Med flotte isforhold vart det ei verkeleg "kosestund" på isen for både små og store. Det var utdeling av diplomar til borna. Etterpå var det vaflar med saft og kaffe å få kjøpt i kiosken.

Bedriftsstafett

14. februar:

Skøytegruppa arrangerte også dette året bedriftsstafett på skøyter på Glitre stadion. Stafetten vart arrangert måndag 14. februar. Fint vær og nokre få kuldegrader danna ei

kjempefin rame kring arrangementet. Det viktigaste med stafetten er å møtast og ha det gøy på isen. Einaste kvalifiseringskravet for å delta er å vere i stand til å gå 400 meter på skøyter. Kwart lag består av 3 personar. Det var premiering med vandrepokal og medaljar.

Skøytegruppa hadde lagt opp til klassar både for racerar og for idealtid. Laget frå DBC Elite (Oddbjørn Jorde, Per Helge Myklebust og Mona Rust) kom nærast idealtida (3.41) og vart vinnar av idealtidløpet med 3.39,8. I stafetten vart det for tredje året på rad siger til laget frå turistbedriftene i Gol (Torleif Brekko, Arve Rustberggard og Ove Kristian Moholt). Nummer to vart utfordrarlaget frå Solstad med Marit Jorde, Birgitte Jorde og Ingeborg Øynebråten. Vinnarlaget opplyste under premieseremonien at dei kjøper ny vandrepokal til neste års bedriftsstafett. Skøytegruppa takkar så mykje.

Heile 10 lag tok del i stafetten dette året. Desse var:

Turistbedriftene i Gol

Solstad

Gol ungdomsskule

Byggmakker I

Gol Brann- og redningsteneste

Damer 40+

Byggmakker II

DBC Elite

Ål Brann- og redningsteneste

Hemsedal Brann- og redningsteneste

Hallingdalskarusellen

19.og 20. februar:

Nokre få minusgrader på morgonen og strålande sol utover dagen møtte dei omlag 130 løparane som stilte til start på Glitre stadion på Gol laurdag 19. februar. Den perfekt preparerte isen vart rekordglatt når sola fekk polert den. Mange sette personlege rekordar og det vanka godord til arrangørane frå dei tilreisande løparane. 4 x 400 meter stafett. Dei fleste av dei deltakande løparane var med i stafetten. Det vart arrangert 2 innleiande heat og finale. I år som i fjor var det Stord som vart vinnarar. På andre plass kom Hol og nummer tre vart eitt av Fana sine tre lag i konkurransen. Stord tok andre napp i vandrepokalen som beste klubb samanlagt for begge dagane. I sterk kamp med Fana gjekk dei sigrande ut av den kampen. Det store antalet veteranar skaffa Stord dei nødvendige poenga til å verte beste klubb. Gledelig var det at også Hallingdal kunne stille med ein veteran i årets karusell. [Golingen Ove Kristian Moholt](#) gjorde ein respektabel innsats begge dagar.

2. mars:

Hallingdalsmesterskapet

Det var Gol som arrangerte Hallingdalsmesterskapet i 2005 med bra forhold på isen. Tradisjonen tru var det kveldsmat både for holinegar og golingar på klubbhuset på Glitre etter løpet.

**Avslutningsfesten
31. mars:**

Torsdag 31. mars arrangerte skøytegruppa sesongavslutning for både store og små. Mange forventningsfulle små hadde teke med seg mamma og pappa til klubbhuset på Hallingmo. For mange er det høgdepunktet for året å motta premien for gjennomført skøytesesong. Mange hadde møtt fram og det var stor stemning. Av meir spesiell premiering kan vi nemne at pokal for framgang/motivasjon gjekk til Simen Fivelstad Smaaberg. Innsatspokalen vart gjeven til Håvard Myklebust.

Idrettslagets dag 13 november:

Gol IL satsa på å gjere dette årets idrettslagets dag til ein aktivitetsdag. Hovudvekta var lagt på ulike aktivitetar i salane på Samfunnshuset. Her var det m.a. handballkampar, fotballkampar, turnoppvising og badmintonkampar. Svømmehallen var open. Dette etter at dagen hadde starta med gudsteneste i Samfunnshuset.

Som uteaktivitet hadde skøytegruppa og friidrettsgruppa laga til ei aktivitetsløype med postar. Lysløypa rundt Hallingmo vart nytta som arena for denne aktiviteten. Løypa var godt merka og hadde orienteringspostar med klippetang. Med oppmuntringar som "god tur" og "god tur vidare" på plakatar langs løypa vart det ein triveleg tur i haustsola. Dei over 100 deltakarane vart så med i ei trekking av premiar på slutten av dagen. Ein flott haustdag, med solskin og temperatur godt over det ein kunne vente, gjorde uteaktiviteten til ei positiv naturoppleving. Skøytegruppa og alpingruppa hadde rigga seg til med standar, medan langrennsgruppa viste skismøring, ved inngangen til Samfunnshuset. Vinteren let vente på seg og det er viktig for desse gruppene å profilere seg ein slik dag. Mange stakk innom standen vår for ein hyggjeleg prat.

INNSATSEN TIL LØPARANE I SESONGEN 2004/2005.

(Tala i parentes er antal deltakarar)

Veteran	Ove Kristian Moholt	Deltok i KM på Gol 2.1.2005 Hallingdalskarusellen 1. dag nr.7 (8) Hallingdalskarusellen 2. dag nr 8 (11)			
Senior	Håvard Myklebust	NM Enkeltdistanse, Larvik des. 2004	500 m	nr 15	(23)
			1000 m	nr 17	(21)
			5000 m	dns	
		NM sprint, Trondheim febr. 2005		nr 11	(21)
		NM allround, Drammen febr. 2005		nr 15	(20)
		Norges- Cup: Nr 15 (313 p) i „sluttstillingen“.			
		Hallingdalskarusellen		1.dag nr 2	(5)
				2. dag nr 1	(4)
		Deltok i gjesteklassen i Sandefjordløpet.			
		KM, Gol 2.1.2005	500 m	nr 4	(11)
			3000 m	nr 4	(8)

Internasjonale løp i Calgary mars-05 med slike nye klubbrekordar:
1000 m: 1.14.48, 1500 m: 1.54.71, 3000 m: 4.07.44, 5000m: 7.24.79

NSF's distansemerke sprint i sølv.

Martin Haugo Har teke fram att skøytene. Deltok på Norges- Cup i romjula 2005 og sette pers på 500 m (43,79)

Hans Kristian Jorde Deltok i KM på Gol 2.1.2005
Hallingdalskarusellen 1. dag nr.1 (1)
Hallingdalskarusellen 2. dag nr 3 (4)

Junior A **Marit Jorde** Deltok i KM på Gol 2.1.2005
Hallingdalskarusellen 1. dag nr.2 (2)
Deltok i gjesteklassen i Sandefjordløpet

Junior B **Ingrid Eide** Nasjonalt løp Geithus nr 1 (1)
Resconløpet nr 9 (10)
LM 500 m nr. 10 (11)
1000 m nr. 9 (11)
1500 m nr. 10 (11)
3000m nr 9 (9)
Hallingdalskarusellen nr 1 (1)
Deltok i Sandefjordløpet, Hamarleikane, Orasløpet og Odalsskøyta

Junior C **Simen Fivelstad Smaaberg**
Deltok i KM på Gol 2.1.2005
LM 500 m nr. 27 (29)
1000 m nr. 28 (28)
1500 m nr. 28 (29)
Hallingdalskarusellen 1. dag nr 3 (4)
Deltok på Hamarleikane og Odalsskøyta.

10 og 11-åringar som har gått løp

Nille Martha Norhaug Faleide

Kretsløp, nasjonalt løp, Resconløpet, Hallingdalskarusellen og Sandefjordløpet.
Ho vart også teken ut til å representere Norge i Viking-race i Heerenveen.

Lars Fivelstad Smaaberg

Kretsløp, Hallingdalskarusellen, Sandefjordløpet, Hamarleikane og Odalsskøyta

Leutrim Sadiki

Resconløpet og Sandefjordløpet

Sigbjørn Eide

Kretsløp, nasjonalt løp, Resconløpet, Hallingdalskarusellen, Sandefjordløpet, Hamarleikane, Orasløpet og Odalsskøyta.

Andre som har gått løp denne vinteren er:

Ole Henrik Sønndrål
Stian Rust
+ fleire rekruttar

OVERDOMMAR.

- **Ola Halvar Jorde** er overdommar i nivå 4.

STARTARAR.

- **Ola Stølen** er startar i nivå 2.
- **Vidar Haugo** er startar i nivå 3.

KOMPETANSEANSVARLEG

- **Gisle Eide** er kompetanseansvarleg i Buskerud Skøytekrets.

DUGNADSINNSATS OG ANNAN AKTIVITET I KLUBBEN.

- Som tidlegare år har gruppa hatt dugnadsvask på Glitre.
- Skifta lysarmaturar i klubbhuset. Dette gjorde verkeleg underverk. Ei stor takk til Geir Brennhovd for kjempeinnsats med dette.
- Skøytegruppa hadde ein stor dugnadsgjeng under Hallingrittet.
- Ola Halvar Jorde har stått for mesteparten av islegginga dette året med god hjelp av Gisle Eide.. Ein stor takk til Ola Halvar og Gisle for denne jobben og for mange timar dugnadsinnsats elles i gruppa med ulike ting.
- Ola Halvar Jorde er leiar i Gol idrettsråd.
- Ola Halvar Jorde og Per Helge Myklebust er med i kvar si arbeidsgruppe i arbeidet med Hallingmoprojektet. Styret har gitt uttale til Gol IL som så har gitt uttale til ”Kommunedelplanen for Gol tettstad”.
- Internettsida til skøytegruppa er vi stolte av og samarbeidet med internettansvarleg i skøyteforbundet er kjempebra. Stor takk til Gisle Eide.
- ”Glitreid” – tidtakarprogrammet som Oddbjørn Jorde har laga er under vidare utvikling og forbetring. Det siste trinnet er at tidene går direkte frå elektroniske klokker og rett inn på dataen. Han har denne sesongen samarbeidd med Kjell Almenning i fleire stemne rundt om i landet. Ein fin representant for Gol.

Utover dette er det mange som gjer ein stor dugnadsinnsats for gruppa gjennom mange ulike oppgåver. Styret vil få takke alle foreldre og andre frivillige som har gjort ein jobb på Glitre i året som har gått. Utan dugnad hadde vi ikkje kome langt.

SPONSORAR.

Skøytegruppa vil få rette ein stor takk til Vianor og Gol Bakeri for sponsinga i form av pengestøtte.

Skøytegruppa vil også få takke Felleskjøpet for lån av traktor.

Ein stor takk også til Mesta v/Lars Petter Hefte som hjelper til med brøyting både på banen og parkeringsplassen på Glitre.

Skøytegruppa vil også rette ein takk til Bautas for lån av brakker samt Brøto Transport for frakting av brakkene til og frå Glitre.

Styret i skøytegruppa vil til slutt få takke alle som på ein eller annan måte har støtta gruppa og gjort ein innsats i 2005.

UTFORDRINGAR I 2006/2007

- Ei stor utfordring er bygging av garasjeanlegg på Glitre.
- Skaffe trenarar og aktivitetsleiingar.
- Fortsatt støtte frå kommunen til drift av anlegget på Glitre. Vi merkar oss her at kommunen si støtte til dagvedlikehald av skøytebanen ikkje er utbetalt for dette året. I følgje administrasjonen i kommunen er tilskotet trekt attende.
- Rekrutteringsarbeid både til skøyteskule og aktive løparar.
- Skaffe fleire sponsorar
- Aktivitetsleiarkurs
- Dommar- og tidtakarkurs

Velkomen til eit godt skøytemiljø på Glitre.

Arrangement 2006:

8. januar:	Familiedag på isen
20. februar:	Bedriftstafett
25. februar:	Hallingdalskarusellen

Gol 13. januar 2005
Styret for skøytegruppa.

